

DELEGERT KOMMISJONSFORORDNING (EU) 2017/1227**2018/EØS/57/65****av 20. mars 2017****om vilkåra for klassifisering utan prøving av limtrevarer som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 14080, og fingerskøytt konstruksjonsvirke som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 15497, med omsyn til brannpåverknaden deira, og om endring av vedtak 2005/610/EF(*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 305/2011 av 9. mars 2011 om fastsettelse av harmoniserte vilkår for markedsføring av byggevarer og om oppheving av rådsdirektiv 89/106/EØF⁽¹⁾, særleg artikkel 27 nr. 5, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ved delegert kommisjonsforordning (EU) 2016/364⁽²⁾ vart det vedteke eit system for klassifisering av byggevarer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad. Limtrevarer og fingerskøytt konstruksjonsvirke er byggevarer som kjem inn under den nemnde delegerte forordninga.
- 2) I tabell 1 i vedlegget til kommisjonsvedtak 2005/610/EF⁽³⁾ vart limtrevarer som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 14080, delte inn i klassar etter ytinga deira ved brannpåverknad. Ytterlegare prøving av desse varene har vist at det er god grunn til å justere dei vilkåra som er oppførte for desse varene i det nemnde vedtaket.
- 3) Prøvingar har vist at limtrevarer som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 14080, og fingerskøytt konstruksjonsvirke som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 15497, har ei stabil og føreseieleg yting med omsyn til brannpåverknad dersom dei oppfyller visse vilkår når det gjeld den lågaste gjennomsnittstettleiken til treverket og den minste gjennomsnittlege tjukkeleiken til vara.
- 4) Limtrevarer som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 14080, og fingerskøytt konstruksjonsvirke som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 15497, bør difor reknast for å oppfylle ei viss klasse for yting ved brannpåverknad som er fastsett i delegert forordning (EU) 2016/364, når desse vilkåra er stetta, utan at det krevst ytterlegare prøving.
- 5) Av omsyn til rettstryggleiken bør tabell 1 i vedlegget til vedtak 2005/610/EF gå ut, og i staden bør vedlegget til denne forordninga nyttast på limtrevarer som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 14080 —

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 177 av 8.7.2017, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 235/2017 av 15. desember 2017 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), ennå ikke kunngjort.

⁽¹⁾ TEU L 88 av 4.4.2011, s. 5.

⁽²⁾ Delegert kommisjonsforordning (EU) 2016/364 av 1. juli 2015 om klassifisering av byggevarers ytelse ved brannpåverknad i henhold til europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 305/2011 (TEU L 68 av 15.3.2016, s. 4).

⁽³⁾ Kommisjonsvedtak 2005/610/EF av 9. august 2005 om klassifisering av visse byggevarer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (TEU L 208 av 11.8.2005, s. 21).

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Limtrevarer som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 14080, og fingerskøytt konstruksjonsvirke som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 15497, som oppfyller vilkåra i vedlegget, skal reknast for å oppfylle dei ytingsklassane som er nemnde i vedlegget, utan prøving.

Artikkel 2

I vedlegget til vedtak 2005/610/EF går tabell 1 ut.

Artikkel 3

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel 20. mars 2017.

For Kommissjonen

Jean-Claude JUNCKER

President

VEDLEGG

Varer ⁽¹⁾	Lågaste gjennomsnittstettleik ⁽²⁾ (i kg/m ³)	Minste samla tjukkeik (i mm)	Klasse ⁽³⁾
Limtrevarer som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 14080, og fingerskøytt konstruksjonsvirke som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 15497	380	22	D-s2, d0

⁽¹⁾ Gjeld for alle typar tre og lim som kjem inn under varestandardane.

⁽²⁾ Handsama i samsvar med standard EN 13238.

⁽³⁾ Klasse i samsvar med tabell 1 i vedlegget til delegert forordning (EU) 2016/364.